

# ANTIBIOTIKAFRI resept

Navn: \_\_\_\_\_

Legen har funne ut at du ikkje treng antibiotika mot plagene dine. Dette arket viser deg kor lenge plagene pleier å vare, kva du sjølv kan gjere for å bli betre, og når du eventuelt bør oppsøke lege igjen.

## Din infeksjon varer gjerne i

- Øyrebetennelse..... **4 dagar**
- Halsbetennelse..... **7 dagar**
- Forkjøling..... **10 dagar**
- Bihulebetennelse ..... **18 dagar**
- Hoste/bronkitt ..... **21 dagar**
- \_\_\_\_\_ **dagar**

## Eigenbehandling

- Sørg for kvile
- Rikeleg med drikke
- Feber er eit teikn på at kroppen slåst mot infeksjonen og går etter kvart over. Du kan bruke paracetamol (eller ibuprofen) dersom du/barnet ditt er plaga av feberen
- Spør gjerne på apoteket etter midler som kan lindre plagene dine
- Andre råd: \_\_\_\_\_

## Dei fleste luftvegsinfeksjonar

går over utan bruk av antibiotika. Kroppen klarer som regel å bekjempe desse infeksjonane sjøl.

**Jo meir antibiotika vi bruker,** jo større er faren for at bakteriane utviklar resistens, slik at antibiotika ikkje lenger har effekt.

**Antibiotika kan gi biverknader** som utslett, magesmerter, diare, soppinfeksjon i underlivet (kvinner), overkjensle for sol, og andre plager.

**Del aldri antibiotika** du har fått resept på til deg sjøl med andre, og returner ubrukte antibiotika til apoteket slik at dei kan kastast på forsvarleg vis.



## Du bør søke legehjelp raskt ved:

- Kraftig hovudverk og sjukdomskjensle
- Kald og klam hud eller uvanleg utslett
- Forvirring, nedsett merksemd eller talevanskar
- Pustevanskar
- Blå lepper
- Brystsmerter
- Svelgvanskar/sikling
- Hoste med blod
- Kraftig forverring av symptoma



## Mindre alvorlege symptom som vanlegvis kan vente til du får time hos fastlegen:

- Ikkje bra innan tida som er antyda
- For barn med øyrebetennelse: væsking fra øyret eller redusert hørsel
- Anna: \_\_\_\_\_

*I nokre tilfeller kan det være vanskeleg å avgjere om du treng antibiotika. Då kan legen velje å gi deg ein vent-og-sjå-resept.*

- Legen har gitt deg vent-og-sjå-resept på antibiotika

Du bør vente og sjå det an i ..... dagar

Om du ikkje er blitt betre i løpet av desse dagane, bør du starte på antibiotikakuren.

Andre tilhøve som gjer at du bør starte på kuren: \_\_\_\_\_

Dersom du opplever kraftig forverring, eller nokre av dei andre symptoma som er lista opp øvst på denne sida, bør du søke legehjelp raskt – uansett om du har starta på antibiotikakuren eller ikkje.

